

Prestanaustet - SJH sin bruk og tilknytning

NOTAT 15.06.2016 – Aksel Hugo

I samband med at Opplysningsvesenets Fond ynskjer å selja Prestanaustet, er eg beden om å gjere greie for SJH sin bruk og tilknytning til naustet. Skulen har i mange år leigd naustet vederlagsfritt frå Opplysningsvesenets Fond.

SJH sin eigen bruk av naustet

I samband med undervisning i friluftsliv og kystkultur har SJH aktivt nytta naustet og dei båtane vi har liggjande der. I nært samarbeid med Indre Sogn kystlag har vi hatt ansvar for bruk og vedlikehald av Thy-båten (sjå bilete), som vert mykje brukt. Me har og eigne kajakkar og utstyr knytt til desse båtane i naustet. I tillegg husar naustet ein tradisjonell kyrkjebåt (med segl og 3 par årar), som er restaurert. Denne vert no ikkje brukt. Kysten og kystkulturen er ein viktig del av kulturhistoria lokalt, men og ein viktig del av økologi knytt til utnytting av lokale ressursar.

SJH sitt samarbeid med Indre Sogn Kystlag

SJH har dei siste 10 åra vore ein aktiv medspelar til Indre Sogn Kystlag. Prestanaustet og båtane der inngår i eit større kystkulturprosjekt. Her er leia ut til Undredal, og vidare til Dyrdal og Bakka knyt i hop med utleige av båtar til turistar og lokale brukarar. Kystlaget har gjort ein stor innsats for å ta vare på tradisjonar og båtar knytt til kystkultur i Indre Sogn, og har eit eige senter i Kaupanger. I juni 2016 var Kystlei-prosjektet 10 år. Skulen var i den samanheng med på å ro Thy-båten frå Prestanaustet til Undredal og vidare til Dyrdal og Bakka. Elevar ved skulen var og aktivt med på å ro 2 båtar frå ut frå Bakka til Undredal. Kystleiprojektet er støtta av Riksantikvaren.

SJH sitt vidare engasjement i kystkultur lokalt

SJH har eit nært samarbeid med ABU knytt til utearealet som læringsarena (Levande skule). I dette samarbeidet er og aktivitet knytt til kyst og kystkultur og bruk av Thy-båten viktig.

Prestanaustet si historiske tilknytning til garden


For prestegarden var naustet viktig, både i høve til ferdsel på fjorden for prestane og i høve til fiske og fangst. Då staten i 1937 selde den opprinnelege prestegarden til Aurland kommune til bruk som landbruksskule, vart Prestanaustet med tilhøyrande bruksrettar skild i frå eigedommen. For ein naturbruksskule som legg vekt på utnytting av dei lokale ressursane, både i innmark og utmark – vil det vere naturleg at Prestanaustet og tilgang til kysten fortset.

Orienteringsmøte med ordførar

SJH har hatt eit orienteringsmøte med ordførar Noralv Distad i Aurland kommune, for å sikra ein felles lokal strategi for sikring, vedlikehald og bruk av naustet. Det er eit ynskje frå kommunen si side at den same tilbakefallsrett, som gjeld for skulen sin eigendom om eigedommen ikkje lengre er nytta til skule, og kan gjerast gjeldande for denne delen av eigedommen (jfr. pkt over).



Naustet vart delvis restaurert i regi av Sogelaget (sjå bilete).



Skulen har eige bøye til Thybåten på sumarstid.